



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato
17.03.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2016/2759 612
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Utlysing av kompetansemidlar 2016 - barnehageområdet

Vi viser til brev om endringar i tilskotsordninga, sendt 29. februar 2016. Etter den tid har Udir gjort nokre endringar. Her følgjer oppdatert informasjon om årets tilskotsordning.

I samband med Utdanningsdirektoratet si gjennomføring av «Kompetanse for framtidens barnehage, Strategi for kompetanse og rekruttering 2014 – 2020», har Fylkesmannen i Hordaland fått 5 464 000 kroner til utdeling til kommunane i 2016. Tildelingsbrev 2016 frå Utdanningsdirektoratet gir føringar for korleis Fylkesmannen skal tildele midlane og korleis kommunen som barnehageymynde skal nytte dei.

Ti prosent av midlane blir delt ut til alle. Deretter blir eit beløp utrekna etter talet årsverk i barnehagar i kommunen pr. 15. desember 2015 lagt til. Midlane blir fordelt til kommunane etter søknad, og skal gå uavkorta til kompetansetiltak for dei tilsette i barnehagane. Kommunen skal ta omsyn til talet på kommunale og private barnehagar når det gjeld fordelinga av midlane. Alle tiltaka skal relaterast til nasjonale føringar og satsingsområde (sjå vedlegg).

Rapportering

Kommunane skal rapportere til Fylkesmannen om bruk av midlane innan **16.01.2017**. Rapporten skal mellom anna innehalde informasjon om kva tiltak som er sette i verk og kor mange kommunale og kor mange private barnehagar som fekk tilbodet og som deltok.

Rapporten skal også vise talet tilsette i private og kommunale barnehager som har tatt del i tiltaka. Det skal også rapporterast på kva yrkesgrupper tiltaket retta seg imot.

Søknadsfrist til Fylkesmannen er 15. juni 2016.

Med helsing

Marianne Svege
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Ingunn Landro Sandset
seniorrådgjevar

Vedlegg :

1. Kompetansemidlar 2016 - Sentrale føringar, satsingsområde og kriterier for tildeling
2. Oversyn - fordeling kompetansemidlar 2016